



Vssverket kan syna til ei effektiv og god drift. Bilete syner vassbehandlingsanlegget på Sørestølen på Eik.

**Uskedal vassverk skal ha årsmøte tirsdag 2.mai kl.19.30 i Uskedal skule. I tillegg til dei vanlege årsmøtesakene med årsmelding, rekneskap og valg, er det to saker som bør vera av stor interesse for vassverksmedlemmene. Det er status for vatn frå Tverrelva og framlegg om auke i vassavgifta.**

Vassverksleiar Hans Reidar Kjærland fortel at vassavgifta må aukast med tanke på framtidige investeringar. I første omgang må det leggjast ny vassleidning frå anlegget på Eik og ned til fylkesvegen. Lenger fram i tid vil ei eventuell utbygging i Tverrelva krevja store investeringar. Til dette trengst det lån i Kommunalbanken, og dermed kommunal garanti. Då må ein kunna dokumentera at ein har inntekter slik at ein kan handtera forpliktelsane.




Bilete syner dimensjonen på røyret som fører vatnet inn på nettet.

Kjærland fortel at det vert lagt opp til ein auke på 20%, for ein vanleg husstand som i dag betaler ei årleg vassavgift på 2.900,- kr inklusiv moms, vil det bety ein auke til 3.500,- kr. Til samanlikning ligg den kommunale satsen på om lag 5000 kroner årleg avhengig av storleiken på huset. Kjærland seier vidare at vi må forventa auke dei næraste 2-3 åra.

Når det gjeld status vedkomande vatn frå Tverrelva seier Kjærland at det er ei informasjonssak for å oppdatere årsmøtet om stoda i den saka. Han fortel at dei no tar vassprøvar for å sjekka kvalitet samstundes som ein måler vassmengd over tid. Dette må føregå eitt års tid før ein tar noko avgjerd, og eventuelt går vidare for å få realisert dette prosjektet. Dette vil eventuelt verta ei stor investering som vil koma heile bygda til gode langt fram i tid.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Kristian Bringedal



Vassverket har eiga infotavle med informasjon til turgåarane på fleire språk.